

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 07.11.2017
Tid: **12:00**

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 01.11.2017

Camilla Storøy
Fung. ordfører

SAKLISTE:

| Saksnr | Innhold |
|-----------|--|
| PS 172/17 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 173/17 | Protokoll frå førre møte |
| PS 174/17 | Delegerte saker |
| PS 175/17 | Referatsaker |
| PS 176/17 | Søknad om løyve til oppstart av privat reguleringsplanarbeid - Aspevika naust- og fritidsområde austre del gnr 50 bnr 4. |
| PS 177/17 | Søknad om forskottering av midlar til klatreparken. |
| PS 178/17 | Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 |

DS 27/17

Delegerte saker frå avdelingane

Tildeling av prikkar - Fosnavåg brygge

Referatsaker

RS 104/17

Status pr. 25.10.2017 for søknad om tilskot
til fiskerikai på Mjølstadneset

RS 105/17

Veien videre for oljenettverket

PS 172/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 173/17 Protokoll frå førre møte

PS 174/17 Delegerte saker

PS 175/17 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|----------------|-----|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | OMR | Arkivsaknr: | 2017/703 |
| | | Arkiv: | L12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|-------------|---------------|------------|
| 176/17 | Formannskapet | 07.11.2017 |

SØKNAD OM LØYVE TIL OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSPLANARBEID - ASPEVIKA NAUST- OG FRITIDSOMRÅDE AUSTRE DEL GNR 50 BNR 4.

Tilråding:

Formannskapet vedtek at det blir gitt løyve til oppstart av planarbeid for område i Aspevika gnr. 50 bnr. 4 som vist på vedlagt kartutsnitt.

Særutskrift:
B. Tarberg AS
Knut Ove Aspevik

Aurvågvegen 90

6076 MOLTUSTRANDA
6070 TJØRVÅG

Vedlegg

- 1 Søknad om oppstart av privat planarbeid - Bestilling av oppstartsmøte
- 2 Planavgrensing
- 3 Forslag til utnytting av området - illustrasjon
- 4 Vedr. Regulering av Aspevika naust og fritidsområde på gnr. 50 bnr.4, 28.09.2017
- 5 Sakshandsaming av detaljreguleringsplan Aspevika austre del, 09.10.2017
- 6 Referat frå oppstartsmøte 06.06.2017

Samandrag av saka:

B. Tarberg AS søker på vegne av grunneigar av gnr. 50 bnr. 4, Knut Ove Aspevik, om løyve til oppstart av privat planarbeid for eit område i Aspevika. Intensjonen er å legge til rette for bustadar, naust og rorbuer.

Saksopplysningar:


B. Tarberg AS søker på vegne av grunneigar av gnr. 50 bnr. 4, Knut Ove Aspevik, om løyve til oppstart av privat planarbeid for eit område i Aspevika.



Figur 1. Plassering av området i kommunen.

Planområdet er i kommuneplanen sin arealdel avsett til naust (AN) og spreidd busetting (SB24). Planområdet grensar mot eit tidlegare regulert område for naust og fritidsbustadar (Aspevika I PlanID 201202 og Aspevika II 201510) og reguleringsplan for fv. 654 (Torsethøgda – Kalveneset PlanID 201102).

Innanfor SB24 seier kommuneplanen at det kan byggast inntil tre einingar.




Figur 2. Utsnitt fra arealdelen med detaljreguleringsplan for Aspevika mot vest.

Forslagsstillar ynskjer å legge til rette for både fritidsbruk og naustformål gjennom regulering av området AN, der ein ser føre seg rorbuer i rekke lengst mot sjøfronten i nord, med ei rekkje med naust bak rorbuene mot sør. Veg og parkering mellom bygga.

Bak nausta vil forslagstillar legge til rette for meir landbruksareal i form av terrengplanering, heving og planering av arealet for beitedyr. Dette vert søkt regulert som LNF-formål og vil omfatte bukta i aust i tilgrensing til nytt byggeområde for rorbuer og naust. Reguleringsplanen vil medføre ei auke i antall dekar beiteareal/slåttemark i Aspevika som ei vidareføring og forbetring av landbruksinteressene knytt opp mot eksisterande arealstatus i kommuneplanen og status for dagens eigedom gnr. 50 bnr 4 i Aspevika.

Aktuelle arealformål er: Bustad - frittliggjande (BFF), køyreveg (f_V) gangveg (GS), annan veggrunn (AVG), parkering (P), LNF-område (LNF), Rorbuer (RB), Naust (AN). I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner.



Figur 3. Forslag til planavgrensning

Vurdering og konklusjon:

Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing, då intensjonen med planarbeidet i stor grad er i samsvar med dei overordna formåla i kommuneplanen. I skissene(figur 4) som er sendt inn frå konsulenten kan ein sjå at intensjonen med arbeidet er å legge til rette for tre bustadar, rorbuer ved sjøen i klynger på 3, til saman 12 rorbuer og naustområde i bakkant, til saman 9 naust. Dette er berre foreløpige intensjonar og planarbeidet må avklare kva som vil vere mogleg å få til basert på innspel frå regionalt hald og planfaglege vurderingar.

Terrenget i området er kuppert og eksponert frå ulike synsvinklar. Det vil soleis vere viktig at det i planarbeidet blir gode vurderingar kring terrengtilpassing for nye bygningar og avgrensing av utbyggingsområder mot øvrig friområde. Det vil vere viktig at planmateriale har med illustrasjonar som viser dei nye bygningane som er tenkt oppført og deira forhold i høve omgjevnadane.



Figur 4. Skisser frå konsulent, intensjon med planarbeid.

Samla sett er det i området godkjent gjennom reguleringsplan etablering av 26 naust på sørsida av Aspevikvågen. 15 naust er allereie oppført og det regulert for å kunne føre opp ytterlegare 11 nye. Plankonsulent må for området sjå på den praktiske bruken i forhold til reparasjon, sliping og pussing. Området er av ein slik storleik at dette er aktivitet som bør gjennomførast i eit område som er tilrettelagt for å unngå avrenning til Aspevikvågen.

Ein føreset vidare at det i planarbeidet blir gjort ROS-vurderingar i forhold til blant anna. havnivåstiging og bølgepåverknad for bygg ved sjøen. Det vil vere viktig at føresegna plasserer nye bygg på rett kotenivå ift desse forholda.

Skisser som følger med søknad om oppstart vurderer rådmannen som illustrasjonar for å vise korleis området kan utviklast. Desse skissene vil på ingen måte binde opp arealbruken, og ein vil understreke at det er i den vidare prosessen ein må kome fram til dei løysingane som skal vere for framtidig arealbruk. Ein viser elles til dei momenta som blei tatt opp i oppstartsmøte og i brev frå Herøy kommune til plankonsulent datert 28.09 med supplerande informasjon til referatet frå oppstartsmøte.

Rådmannen rår såleis til at Formannskapet gir løyve til oppstart av privat planarbeid for område i Aspevika gnr. 50 bnr. 4 som vist på vedlagt kartutsnitt.

Fosnavåg, 18.10.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Moltustranda 12.05.2017

Herøy kommune
v/ Sektor for Samfunnsutvikling
Postboks 274
6099 Fosnavåg
postmottak@heroy.kommune.no

Vår referanse: 2017-12

SØKNAD OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID – BESTILLING AV OPPSTARTSMØTE MED HERØY KOMMUNE – GNR. 50 BNR. 4.

«Detaljreguleringsplan for Aspevika naust og fritidsområde austre del gnr. 50 bnr. 4 »


På vegne av grunneigar av gnr. 50 bnr. 4, Knut Ove Aspevik, søker vi her om løyve til oppstart av privat planarbeid for eit område i Aspevika.

Det er ikkje gjennomført oppstartsmøte med Utviklingsavdelinga, men vi ynskjer her å bestille eit slikt møte i lag med forslagsstillar.

Formålet med planarbeidet er utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område av gnr. 50 bnr. 4 som ei vidareføring av dagens naust/rorbu og fritidsområde i Aspevika. Denne reguleringsplanen vil henge saman med resten av det regulerte området ved at den vil grense inn til allereie regulert areal i vest. Intensjonen med planarbeidet er å skape eit heilskapleg og samanhengande naust og fritidsområde i Aspevika og ei vidareføring av busetnaden i området med oppretting av nye bustadtomter med tilhøyrande infrastruktur. Området vil soleis vere i samsvar med kommunens overordna planar og ønske om satsing på det maritime og fritidsbruk/turisme.

Forslag til planavgrensing er vist på vedlagt kartskisse og omfattar eit areal på omlag 30,6 daa.

Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for naust (AN). Her viser kommuneplanen tydeleg at området er tenkt som eit framtidig naustområde med plankrav. Tilgrensande område er i kommuneplanen opna opp for LNF-kan område for spreidd busetnad (SB24) der det blir opna opp for frådeling av nye bustadtomter.



Utsnitt av gjeldande arealstatus i kommuneplanen for Herøy

Hovudprinsipp for utnytting av området

Forslagsstillar ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for:

- Bustadtomter i sør (innanfor SB24)
- Veg tilkomst (frå eksisterande naustområde i vest)
- Infrastruktur (ledningar og kummar m.m)
- Parkering (Mellom bygningane)
- Rorbuer (Innanfor område AN)
- Sjøfront/fylling (Innanfor område AN)
- Naust (Innanfor område AN)
- Landbruksareal (Nytt) innanfor SB24

Forslagsstillar ynskjer å legge til rette for både fritidsbruk og naustformål gjennom regulering av området AN, der ein ser føre seg rorbuer i rekke lengst mot sjøfronten i nord, med ei rekkje med naust bak rorbuene mot sør. Veg og parkering mellom bygga. Nærare detaljer rundt byggeområde vil gå fram av plandokumentet.

Bak nausta vil forslagstillar legge til rette for meir landbruksareal i forma av terrengplanering, heving og planering av arealet for beitedyr. Dette vert søkt regulert som LNF-formål og vil omfatte bukta i aust i tilgrensing til nytt byggeområde for rorbuer og naust.

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA

TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com


www.btarberg.no

Reguleringsplanen vil medføre ei auke i antall dekar beiteareal/slåttemark i Aspevika som ei vidareføring og forbetring av landbruksinteressene knytt opp mot eksisterande arealstatus i kommuneplanen og status for dagens eigedom gnr. 50 bnr 4 i Aspevika.

Aktuelle arealformål er: Bustad - frittliggjande (BFF), køyreveg (f_V) gangveg (GS), annan veggrunn (AVG), parkering (P), LNF-område (LNF), Rorbuer (RB), Naust (AN). I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner.

Vi vonar kommunen kan finne tid til oppstartsmøte med plankonsulent og forslagstillar.

Med vennleg helsing



Aleksander Zahl Tarberg

Daglig leder

B.TARBERG AS

Mob: 46674461

E-post: aleksander@btarberg.no

Vedlegg:

1. Planavgrensing
2. Skisse med hovudprinsipp for tenkt utnytting av område


B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA

TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com


www.btarberg.no

N




Planområde

| | | | | | |
|--|----------------|------------|-----------|------------------|---------------|
| B Tarberg AS Detaljreguleringsplan | | | | | |
| Dato | Konstr./tegnet | Godkjent | Målestokk | | |
| 09.05.2017 | | | | | |
| Forslag til planavgrensning Aspevika austre del 50/4 M 1:1000 A3 | | | | Erstattet av: | Erstattet av: |
| | | | | 901 | |
| Henvisning: | | Beregning: | | Knut Ove Aspevik | |



| | | | |
|----------------------------------|----------------|------------|------------------|
| B Tarberg AS | | | |
| Detaljreguleringsplan | | | |
| Dato | Konstr./tegnet | Godkjent | Målestokk |
| 09.05.2017 | | | |
| Forslag til utnytting av området | | | Erstattning for: |
| Aspevika austre del 50/4 | | | Erstattet av: |
| M 1:1000 A3 | | | 901 |
| Henvisning: | | Beregning: | Knut Ove Aspevik |



B TARBERG AS

6076 MOLTUSTRANDA

Saksnr
2017/703

Arkiv

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV

Dato
28.09.2017

VEDR. REGULERING AV ASPEVIKA NAUST OG FRITIDSOMRÅDE PÅ GNR. 50 BNR.4

Viser til dykkar søknad om oppstart av reguleringsarbeid på gnr. 50 bnr. 4 i Aspevika 12.05.2017.

Det vart avhalde oppstartsmøte 06.06.2017 der Knut Ove Aspevik(tiltakshavar), Aleksander Zahl Tarberg (konsulent) og Tanja Rafteseth (Herøy kommune) gjekk gjennom søknad om oppstart som vart sendt til Herøy kommune.

Det vart gått gjennom nokre punkt i skjema «referat for oppstartsmøte». Kommunen har, som signalisert i møte, no avklart fleire forhold som ein var usikre på i dette møtet.

Slik planframlegget ser ut i dag er det delvis i tråd med overordna plan(kommuneplanen sin arealdel, vedteke 30.10.2014). Området er i arealdelen avsett til naust og spreidd busetting. I søknaden er det i tillegg foreslått å nytte delar av området til rorbuer.

Dersom de ynskjer å gå vidare med dette forslaget kan vi allereie no påpeike nokre punkt som må belysast grundig i planarbeidet.

1. Det er registrert undervannseng i Aspevikvågen med Ålegraseng. Det må innhentast oppdatert kunnskapsgrunnlag for naturmangfaldet i Aspevikvågen Rapport må utarbeidast av fagkyndige og omhandle både naturtypar og dyre- og fugleartar(flora og fauna)(siste registrerte rapport er frå 2001, Jordal, J.B. og Grimstad,K.J.).
2. Utnytting av området til rorbuer er ikkje i tråd med overordna plan.
3. I forslaget ligg det inne ei vesentleg nedbygging av strandsona, konsekvensar knytt til dette må avklarast.
4. Naturinngrepet på området som er tiltenkt naust ser ut til å vere betydeleg og vil kunne vere svært uheldig i forhold til kulturlandskap, terreng og miljø.
5. Med bakgrunn i tidlegare godkjente reguleringsplanar og utbyggingar må konsulent/fagkyndige særleg vurdere den samla belastning på Aspevikvågen jf. naturmangfaldsloven § 10.

Konklusjon

- Planforslaget er delvis i tråd med overordna plan.
- Utnyttinga er i konflikt med terreng då det vil medføre planering av ein kolle i området.
- Kommunen vil kunne tilrå oppstart av plan, men med forbehold om at det må dokumenterast dei forholda som er påpeikt ovanfor.
- Saka skal leggjast fram for Formannskapet for å avklare løyve til oppstart dersom tiltakshavar ynskjer å gå vidare.

Sidan referatet i oppstartsmøtet er noko mangelfullt ser vi denne tilbakemeldinga som ei utfylling til det som står i referat frå oppstartsmøte og vil måtte følgje eit evt. oppstartsvarsel.

Kommunen avventar tilbakemelding frå tiltakshavar/konsulent om det er ynskje om å gå vidare med planarbeidet.

Har du spørsmål kring saka kan du kontakte: Ole Magne Rotevatn,
ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no - 90974128

Med helsing

Jarl Martin Møller

Kommunalsjef
Samfunnsutvikling

Ole Magne Rotevatn

Avdelingsleiar utvikling
Utviklingsavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg

1 dokumentsender.skanner@heroy.kommune.no_20170928_144535

Kopi:

Knut Ove Aspevik Aurvågvegen 90 6070 Tjørvåg

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 10.10.2017 09:47:56
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Sakshandsaming av detaljreguleringsplan Aspevika austre del

Fra: Aleksander [<mailto:aleksander@btarberg.no>]
Sendt: 9. oktober 2017 15:51
Til: Olaus-Jon Kopperstad; postmottak
Kopi: k-o-as@tussa.com; Ole Magne Rotevatn
Emne: Sakshandsaming av detaljreguleringsplan Aspevika austre del

Viser til motteke brev vedkomande reguleringsplan for Aspevika austre del.

Både vi og tiltakshavar er mildt sagt sjokkert over brevet vi har motteke frå Herøy kommune, og den uføreseieleg sakshandsaminga som vi har opplevd i denne saka.

Nedanfor vil ta opp ei rekke punkt som vi meiner kommunen må ta innover seg.

Punkt 1: Historikk i saka

Vi vil minne om at det tidlegare er søkt om dispensasjon for bruk av naustområde og tilgrensande LNF-område, ein søknad der vi ynskte å få løyve til planering av området utan reguleringsplan. Saka var sendt på høyring, det blei halde synfaring av Maritim og teknisk komite (MTK), men utfallet av saka blei at MTK gav avslag på søknaden med grunngeving i det plankravet som låg føre i kommuneplanens arealdel. Tilbakemeldinga frå MTK var difor at ein måtte utarbeide ein reguleringsplan, for så å kunne starte på grunnarbeidet i løpet av planprosessen. Dette med tilvising til at det tek tid å opparbeide eit område av dette omfang, og det faktum at denne praksisen har blitt utøvd av kommunen på Jensholmen og i den nyaste reguleringsplanen for Lanternen, der tiltakshavar Kåre Jensholm sin entreprenør Aurvoll og Furesund AS fikk sprengje og ta ut stein for utfylling av molo. På Jensholmen blei det kort fortalt gitt løyve til å starte grunnarbeid før planen var godkjent. Signala frå MTK i Aspevika har vore at v her kunne det vere likebehandling i forhold til plan og oppstart byggearbeid med tilvising til saka på Jensholmen. Vi må her stille spørsmål ved om det ikkje skal vere likebehandling i slike saker? Eller om det er slik at tiltakshavar på Jensholmen og konkurrerande entreprenør skal særbehandlast av kommunen? Vi trudde vi var ferdig med denne praksisen i Herøy kommune? Vi kjenner oss soleis ikkje att i tilbakemeldinga frå avdelingsleiar Rotevatn i denne saka, sett i lys av dei tidlegare signala vi har fått frå kommunen. Både tidlegare sakshandsamarar og politikarar har vore positive til ei vidareutvikling i Aspevika. Kva er det som har gjort at kommunen endrar så drastisk haldning frå positiv til negativ i denne saka? Slik vi tolkar brevet frå kommunen så ynskjer ikkje kommunen at det blir utarbeidd plan her. Vi håper ikkje dette er tilfelle, for då må vi krevje å få lagt fram sak om oppstart av planarbeid for formannskapet og kommunestyret.

Punkt 2: Sakshandsaming

Etter søknad om oppstart, gjennomførte vi eit konstruktivt og fagleg oppstartsmøte med planleggar Tanja Rafteset, basert på ein utfyllande søknad om oppstart, fylt ut skjema for bestilling av oppstartsmøte, plangrense og ei førebels grovskisse på korleis vi tenkte utnyting av området. Til saman skulle dette gi rikeleg med informasjon og eit godt grunnlag for at kommune skulle handsame saka vidare planarbeid og skrive eit framlegg til formannskapet. Planleggar gav tilbakemelding på at ho var nystarta i stillinga og trengde litt tid på å setje seg inn i planmateriale. Dette var noko vi aksepterte i møte og vi hadde då ei forståing av at Rafteset skulle ta saka vidare til formannskapet i etterkant av vårt møte og basert på diverse avklaringar med andre i planavdelinga. Planleggar skulle kome attende med ei referat som vi skulle godkjenne. Dette skjedd aldri. Måten sakshandsaminga (eller mangel på denne) har vore i denne saka opplever vi som uprofesjonell og useriøst av Herøy kommune. Både plankonsulent og tiltakshavar brukar tid og ressursar på eit planarbeid, så må ein kunne forvente at kommunen også er ein profesjonell part i saka. Vi må kunne forvente svar på saker som vi sender inn til behandling og vi må kunne oppleve ein profesjonell og føreseieleg saksgong i samsvar med plan- og bygningslova.

Punkt 3: Tidsbruk

Vi minner om at saker etter forvaltningslova skal handsamast utan ugrunna opphald. Dette har vi absolutt ikkje opplevd i denne saka. Vi har sendt gjentatte purringar til sakshandsamar med spørsmål når saka blir lagt fram for formannskapet, men vi har berre fått svar om at sakshandsamar skal ta kontakt for med oss for nokre avklaringar før saka skulle leggest fram for formannskapet. Siste dato vi fekk var 17.oktober då planleggar Rafteset skreiv i e-post at saka skulle handsamast. Vi starta med saka i juni. Det har altså gått 4 månader på å behandle ein søknad om oppstart av planarbeid. Rett nok har det vore ferietid i løpet av denne tida. Men ærleg talt ? Eg må seie at eg kjenner meg litt flau på vegne av Herøy kommune for den tidsbruken som har vore i denne saka. Med ein slik tidsbruk og tempo på saksbehandlinga vil det mest truleg gå 4 år før ein har ein ferdig godkjend reguleringsplan. Vi opplever tidsbruken og handsaming av denne saka som total uakseptabel og ikkje i tråd med det som vi meiner er normal sakshandsamingstid. Det har gått altfor lang tid sidan vi har sendt inn søknad. Dette kan vel ikkje Herøy kommune vere bekjent av? Det er eit krav i plan- og bygningslova at kommunen skal skrive eit referat frå oppstartsmøte. Dette er ikkje blitt gjort i denne saka. Vi meiner kommunen har gjort ein saksbehandlingsfeil, og vi opplever det som fullstendig skivebom at vi skal bli straffa for dette i form av eit negativt brev frå kommunen.

4: Tilbakemelding i brev frå kommunen

Saka har tydelegvis skifta planleggar undervegs i planprosessen. Dette har skjedd utan at vi har motteke informasjon eller orientering. Avdelingsleiar Rotevatn ringte til plankonsulent i forkant av brevet og gav beskjed om at dei hadde vore på synfaring i området. I utgangspunktet ser vi slik dialog som positivt, men her bar telefonsamtalen klart preg av ei negativ haldning til saka og det blei stadig nemnd forhold som måtte utgreiast. Det blei nemnt i telefonen at det har vore observert oter i området og at dette vil krevje at det må utarbeidast kostbare utgreiingar som ein del av det vidare planarbeidet. Vi har ikkje blitt informert om kommunen hadde planlagt synfaring i området og vi har heolt klart ikkje blitt invitert til å delta som ein del av sakshandsaminga. Sjølv sagt står kommunen fritt til å halde ei synfaring åleine, men dersom kommunen inviterte med plankonsulent eller tiltakshavar, så kunne vi kanskje belyse ein del spørsmål som kommunen eventuelt måtte ha vedkomande det vidare planarbeidet. Her kunne det vore ein betre dialog frå kommunen si side, noko som vi utvilsomt ser kunne styrka sakshandsaminga. I staden for så sit vi att med inntrykk av at sakshandsamar leitar etter problem og forhold som skal gjere det vanskeleg å halde fram med planarbeidet. Plankonsulent har gjentekne gongar prøvd å ringe attende til avdelingsleiar Rotevatn utan å få svar. Vi har ikkje blitt ringt tilbake av sakshandsamar i kommunen, dette trass i gjentatte forsøk på å prøve å nå vedkomande pr telefon.

Nedanfor vil vi ta opp ei rekkje punkt som kommunen nemner i brevet som må belysast og utgreiast i vidare planarbeid.

Naturmangfald:

Dei momenta som kommunen peikar på i brevet som gjeld naturmangfald og kunnskapsgrunnlag er noko som vil bli vurdert i løpet av planarbeidet som ein del av planomtalen. Vi stiller oss noko undrande til at kommunen på noverande tidspunkt kan konkludere slik det går fram av brevet. Planforslaget er ikkje utarbeidd, så korleis kan ein då kome til ein slik konklusjon?

Strandsona:

Kommunen skriv at det vil vere nedbygging av strandsona. I tidlegare tilbakemelding til planleggar Rafteset, har vi framheva at det ikkje skal skje utfylling i sjø. Vi skal ikkje ut i vatnet eller gjere inngrep i vasskorpa i Aspevika. Byggingar og inngrep skal skje på land, på fast grunn. Dette har høg relevans for punktet om naturmangfald. Også her meiner vi kommunen er for rask med å drage konklusjonar og for rask med å kome med krav om ting som skal utgreiast.

Fritidsbustader:

Det er riktig at intensjonane med planforslaget er å legge til rette for fritidsbustader. I møte med Rafteset tok ein opp dette tema og fikk positive tilbakemeldingar på den planlagde satsinga. Det blei diskutert fagleg og ein hadde ein dialog rundt konkrete løysingar som hadde relevans for vidare planlegging. Det etablerte området i Aspevika består i dag av hytter og naust. Reguleringsplan for Aspevika austre del er soleis ei vidareføring av ein etablert bruk i området. Vi ynskjer å legge til rette for fritidsbustader, men det er ikkje nødvendigvis konkludert med rorbuer. Det kan også vere aktuelt å etablere hytter. Dette vil det vidare planarbeidet avklare, i dialog med kommunen og andre myndigheiter. Vi må her peike på at fleire andre områder i kommunen har fått utvikla tidlegare naustområder til fritidsbustader gjennom planarbeid. Her kan vi nemne Budaneset og Kvalsund som to klare eksempel. Her må det vere ei likskap for lovverket og moglegheit for at ein i Aspevika også kan utarbeide ein slik plan. Vi finn det merkeleg at kommunen stiller seg negativ til meir fritidsbustader i Aspevika, då det her allereie er ein etablert bruk. Vi må her få ei tilbakemelding frå kommunen på kvifor den

etablerte bruken ikkje skal kunne vidareutviklast? Det er for oss merkeleg at det skal vere negative signal til fritidsbustader i Aspevika når kommunen ved avdelingsleiar Ole Magne Rotevatn har gått ut i lokalavisa og framheva kommunen sin satsing på fritidsbustader og ynskje om auka turisme til Herøy. Det blir då paradoksalt at ein forslagsstillar skal bli møtt med negativitet rundt vidareutvikling av eit allereie etablert hytte og naustområde.

Terrenginngrep:

Kommunen viser til at utnyttinga er i konflikt med terrenget då ein skal planere ein kolle. Vi stiller oss svært undrande til den påstanden kommunen her kjem med.

Korleis kan ein konkludere med dette før det er laga eit planforslag? Sjølv sagt må ein gjere inngrep i terrenget for å bygge. Inngrepet i terrenget vil kome uavhengig av formål for utbygging. Dette er noko som planforslaget skal regulere og noko som ein i dialog med kommunen skal finne løysingar på.

Avslutningsvis må vi framheve at vi er lite imponert over sakshandsaminga i denne saka, og at vi framover forventar ei meir profesjonell og føreseieleg sakshandsaming av Herøy kommune.

Vi ber om at dette brevet blir lagt fram for formannskapet saman med søknad om oppstart av planarbeid.

Med vennlig hilsen

Aleksander Zahl Tarberg

B.TARBERG AS

Sandvikvegen 174

6070 Tjørnvåg

Mobil: 46674461

Møte 6/6/17 kl 09.00

REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

Etter ny plan- og bygningslov (plandelen av 27. juni 2008 nr. 71) er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privatreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at kommunen på førehand har fått eit oversiktskart som viser aktuelt område og informasjon om målet med reguleringsplanen (intensjonar, formål og omfang).

Dette skjemaet skal difor fyllast ut så langt det let seg gjere og leverast til kommunen minst ei veke før oppstartsmøtet. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet..

| | |
|-------------------------|---|
| Sak: | |
| Møtestad: | Møtedato: 6.6.2017 kl 09 ⁰⁰ -12 ⁰⁰ |
| Deltakarar: | |
| Frå forslagsstillar | Frå kommunen |
| Aleksander Zahl Tarberg | Tanja Raftiseth |
| Knut Ove Aspevik | |
| | Andre: |

1. Planføresetnader

Plantype

- Områderegulering
 Detaljregulering
 Endring av reguleringsplan

Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)

- X Kommuneplanen sin arealdel..... Herdy.....
Kommunedelplan.....
Reguleringsplan... (heng saman med reg plan Asperika) h.....
Bebyggelsesplan.....
Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:

Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)

Tiltakshavar kjem med framlegg til avgrensing av planområdet. Kommunen kjem med innspel til framlegget. Ev. forslag til justert avgrensing, blir tilsendt etter oppstartsmøtet.

Mål for planarbeidet:

Forslagsstillar skildrar mål med planarbeidet og kjem med framlegg til formål

Fritidsområde, n.w.s.t., LNF-formål, boligformål

Namn på planen:

Forslagsstillar sitt forslag til namn: *Detaljregulering Aspevika fritidsområde austre del*

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

Planforslaget er i samsvar med overordna plan.

Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

Merknad:.....

Pågåande planarbeid

Det pågår ikkje anna planarbeid i området

Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:.....

Planprogram

Utløyser planen krav om planprogram ?(jf. § 4-1 i planlova) ?

Merknad:.....

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad:.....
.....

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad:.....

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

Kommunale vedtekter/forskrift

- parkeringsvedtekt
- forskrift om gebyrregulativ

Kommunale retningslinjer

- kommuneplanen sine retningslinjer
- krav til leikeplassar

Bestemmelsar i arealdel av k-plan

Merknad:

| 3. Viktige vurderingar | |
|---|---|
| <p>3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.)</p> <p>3.2. Strandsona til sjø og vassdrag</p> <p>3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar</p> <p>3.4 Miljøvern faglege vurderingar</p> <p>3.5 Kulturlandskap og kulturminne</p> <p>3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)</p> <p>3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser</p> <p>3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafikk sikkerheit, støy</p> <p>3.9 Kommunaltekniske anlegg</p> <p>3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen</p> <p><input type="checkbox"/> Anna:</p> | Spesielle forhold – tilleggsopplysningar: |
| 4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan: | |
| <p>Forslagsstillar skal følgje kommunen sine krav til utarbeiding av reguleringsplan</p> <p>Sjå Herøy kommune sine krav til utarbeiding av privat reguleringsplan med vedlegg</p> | Merknad: |
| 5. Kommunalteknisk anlegg | |
| <p>Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.</p> | Merknad: |

| | |
|--|------------|
| <input checked="" type="checkbox"/> Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget | <i>Nei</i> |
| <input checked="" type="checkbox"/> Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale | <i>Nei</i> |

6. Kommunen sine råd og vurderingar

Er planforslaget i samsvar med overordna plan?

Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng?

Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan?

Skal forslaget leggjast fram for formannskapet?

Vidare saksgang:

Anna:

7. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Stad, dato.....

Representantar frå kommunen:.....

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar.....



Støyvoll 60

Støyvoll 60



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|----------------|----|-------------|-----------|
| Sakshandsamar: | TR | Arkivsaknr: | 2017/1180 |
| | | Arkiv: | D35 |

| | | |
|--------------------|---------------|-----------------|
| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
| 177/17 | Formannskapet | 07.11.2017 |

SØKNAD OM FORSKOTTERING AV MIDLAR TIL KLATREPARKEN.

Tilråding:

Herøy kommune stiller garanti for forskottering til realisering av klatreparken i Parken i Fosnavåg i samsvar med tilbud frå Klatrejungle AS.

Særutskrift:

Vedlegg:**1 Tilbod klatrepark Fosnavåg frå Klatrejungel AS****Saksopplysningar**

Formannskapet har tidlegare gjort vedtak om å etablere ein klatrepark i parken i Fosnavåg. Dette som eit ledd i byutviklingsprosjektet.

Administrasjonen har i tråd med vedtaket arbeidd vidare med prosjektering og finansiering av klatreparken for å mogleggjere realisering i løpet av 2018.

Det er no gitt dispensasjon og byggjeløyve til tiltaket.

I samarbeid med Fosnavågaren Velforening har kommunen søkt om støtte frå ulike tilskotsordningar for å realisere klatreparken med tilleggselement som skissert i tidlegare fsk-sak. Det er også søkt om støtte via tippemidlane på 300 000 kr. Ein vil få svar på søknadane rundt årsskiftet 2017/2018 og tildelingar vil gjelde for gjennomføring i 2018.

Det er gjennomført tilbodskonkurranse mellom 3 stk leverandørar ein har vurdert som aktuelle. På bakgrunn av denne konkurransen har ein valt Klatrejungel AS i Førde. Det er tatt atterhald om endeleg godkjenning for garanti for forskottering. Klatrejungel AS har berre ein ledig plass att for gjennomføring i 2018 og dei har utvida tilbudsfristen vår i påvente av signering.

Totale kostnader for levering og montering av komplett klatrepark er på kr 665 700 ex mva.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at formannskapet garanterer forskottering av klatreparken og inngår avtale med Klatrejungel AS om gjennomføring av tiltaket i 2018 i samsvar med leveringstid beskriven i tilbodet.

Fosnavåg, 31.10.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

KLATRE jungel™



TILBOD


Førde, 30.06.2017

Leveranse og montering av komplett klatrepark

Klatrejungel AS | Rune Berge

99 20 50 90 | rune@klatrejungel.no

 klatrejungel.no



Innhald

- I. Pristilbod på oppføring av klatrepark
- II. Spesifisering av tilbodet
- III. Alternativ/tillegg til tilbodet

Klatrejungel AS


Klatrejungel AS tilbyr idéutvikling og stimulering til gode og trivelege aktivitetsområde og uteområde slik at born og unge får eit oppvekstmiljø som stimulerer til allsidig aktivitet samstundes som områda blir gode å vere i også for vaksne folk.

Vidare å skape aktivitetsområde i skular og barne- hagar som tar i vare pedagogiske utfordringar i forhold til motorisk, sosial og emosjonell utvikling.



*Det er gjennom kropp og rørsle at ho eller han
tek til å utvikle og etablere evne til kommunikasjon.
Alt dette som det unge mennesket opplever,
samlar seg til ein dans — til livets dans.*

Miriam Donath Skjørten





Herøy kommune
v/ Tanja Rafteseth
6090 Fosnavåg

TILBOD

Klatrejungel AS vil med dette tilby dykk leveranse og bygging av komplett klatrepark i samsvar med

"Presentasjon av klatrepark levert av Klatrejungel AS – 2017"

Tilbudet står ved lag i to (2) måneder.

Etter den tid kan det vere aktuelt med prisjustering.

I. Pristilbud

| Post | Leveranse | Pris |
|------|---|-------------------|
| 1 | Leveranse og oppsetting av stolpar | 361.400 |
| 2 | Leveranse og utlegging av terrengduk og fallunderlag (kutterflis) | 40.000 |
| 3 | Leveranse og montering av alt modulutstyr | 264.300 |
| | Pris | 665.700 |
| | MVA | 166.425 |
| | Pris på komplett klatrepark inklusive mva. | Kr 832.125 |

II. Spesifisering av tilbudet

1. Tilbudet omfattar leveranse av komplett klatrepark, og består av fylgjande:

- 1.1. Leveranse av alt materiell:
 - > stolpar
 - > fiberduk
 - > fallunderlag (industriflis/kutterflis)
 - > alt utstyr til klatreparken
- 1.2. Oppsetting av stolpane
- 1.3. Utlegging av fiberduk
- 1.4. Utlegging av kutterflis
- 1.5. Montering av alt utstyr

2. Grunntilhøve

- 2.1. Grunnen kan bestå av plen, grasmark eller vere tidlegare opparbeidd grunn bestående av stein, pukk og grus.
Om det er normalt drenerande grasmark/plen der klatreparken skal stå, er det ikkje behov for å erstatte grunnmassen med stabilt underlag. Kvar stolpe blir stabilisert med stabil masse og der må om nødvendig, tilførast steinmasse til dette føremålet. Men elles kan grasmarka/plenen ligge som den er.
- 2.2. Tilbodet tek utgangspunkt i levering og bygging av aktivitetsparken på klargjort grunn, dvs. på ferdig planert område.
- 2.3. Det bør IKKJE vere søkk i terrenget inne i området, då dette aukar sjansen for at der blir ståande vatn, som igjen kan føre til at delar av fallunderlaget blir liggande i is om vinteren. Viss dette er tilfelle, bør det tilførast fyllmasse for å rette av området.
Av same grunn bør det vere rimeleg god drenering i grunnen.
- 2.4. Det kan vere inntil 60 cm høgdeskilnad i lengderetninga og 20 cm høgdeskilnad på tvers.
Større høgdeskilnad er mogeleg, men viss det er situasjonen, må vi vurdere tilhøva for å sjå om tiltak er naudsynt.
- 2.5. Viss det er gjenstandar i grunnen som røyropplegg (t.d. dreinsrøyr eller elkablar), større steinar eller større røter, vil det vere aktuelt med eigna tiltak for å gi plass til stolpane.
- 2.6. Det må vere minimum 1,2 m djupne til fjell. Viss det er grunnare enn 1,2 m, vil det vere naudsynt med alternativ festing av stolpane.
- 2.7. Grunnmassen må vere rimeleg stabil viss den skal nyttast til å feste fundamentrøyra. Viss massen er dårleg, t.d. mest jord, vil det kunne vere behov for litt steinmasse/pukk kring røyra.

3. Atterhald

Viss grunntilhøva ikkje er tilfredsstillande, jamfør førre punkt om grunntilhøva, og det er naudsynt med tiltak, vil arbeidstimar og kostnad for utlegg i samanheng med dette arbeidet, kome i tillegg til tilbodssummen.

Fylgjande tiltak kan vere aktuelle:

- 3.1. Flyttbare store steinar og/eller røter:
Det er aktuelt å fjerne desse og eventuell tilføre erstatningsmasse.
- 3.2. Viss det er røyr/kablar i grunnen:
Det er aktuelt å fjerne delar av røyropplegget, eventuelt flytte røyr utom stolpane.
- 3.3. Viss det er grunnare enn 1,2 m til fjell eller store steinar:
Det kan vere aktuelt å feste røyra med betong på utsida av røyra eller å forankre røyra/betongen til fjellet/steinen med boltar.
- 3.4. Viss grunnmassen er ustabil:
Få på plass naudsynt mengde stein/pukk.

4. Tidsperspektiv for leveranse

For at modulane i klatreparken skal passe perfekt, er kvar modul spesialtilpassa for kvar einskild park. Utstyret blir difor målsett, bestilt og laga etter at stolpane er på plass. Med minst to månaders leveringstid på tauutstyret, må bygging av klatreparkar difor delast opp i to bolkar. For å få til dette, og for å ta omsyn til vinter/frost og sommarferie, er arbeidet organisert med oppsetting av stolpar vår eller haust og så montering av utstyr hausten eller våren etter.

Vidare er det slik at naturstokkane krev omfattande bearbeiding, og entreprenøren vi nyttar, må ha melding om engasjement ei viss tid før oppstart.

Aktuell leveringstid for klatreparken nemnd i dette tilbodet, vil vere som fylgjer:

- **Gravemaskinarbeid:** April/Mai 2018
- **Montering av utstyr/ferdigstilling:** September 2018

5. Fakturering

Ved bestilling av klatrepark, skjer fakturering i tre bolkar etter fylgjande plan:

- 10 % ved signering av kontrakt
- 50 % etter at stokkane er plassert og fallunderlag er lagt ut
- 40 % etter ferdigstilling av klatreparken

6. Tilhøve kring oppsetting av klatreparkar . . .

- 6.1. Kunden må ordne med godkjenning av graveløyve i kommunen og med det og syte for kontakt med/melding til gravemeldingstenesta for påvising av kablar.
Godkjent graveløyve må vere tilgjengeleg for maskinkøyraren ved oppstart.
- 6.2. Det må vere høve til å køyre ein kranbil opp på eine sida av nett-tårnet (modul 1) slik at kranarmen kan rekke å løfte nettet over og ned på stolpen.
- 6.3. Det må vere tilgang til straum ved parken, av type 16 A einfasa m/jord.
- 6.4. For å få funksjonell tilgang til verktøy og utstyr, må det vere høve til å køyre fram til parken.
- 6.5. Det må vere høve til å parkere ein bubil ved parken då den fungerer både som pauserom og kontor.
- 6.6. Det må vere tilgang til tømmebad for kjemikalietoalett (små mengder frå toalettet i bubilen). Vanleg WC kan brukast om anna høveleg tømmebad ikkje er tilgjengeleg.

III. Alternative løysingar som ikkje er med i tilbodet

1. Tilkomst for rørslehemma

Klatreparken er ikkje spesielt tilrettelagt for rørslehemma, men tilkomsten inn i området kan gjerast lettare for rullestol ved å lage gater inn til nokre av modulane. Vi brukar gummiheiler som toppdekke på desse gatene. Dei er støtabsorberande, så dei vil ikkje kome i konflikt med fallunderlaget elles.

Slik tilkomst vil vere viktig for å unngå fysisk utestenging av rullestolbrukarar. Mange av netta og ballanseelementa vil på ulikt vis kunne brukast av rørslehemma, alt etter dei fysiske føresetnadane.

Viss ein ynskjer slike gater, tilrår vi å legge dei fram til modul 1, 11 og 20. Det er ikkje tilrådeleg å legge gater fram til modular med stor høgde eller tvers gjennom klatreparken. Dette kan skape fårlege situasjonar ved at rullestolar, sykklar eller barnevogner blir plassert inne under modular med stor fallhøgde. Dette kan medføre stor fare for skade ved fall frå modulane. Viss det er ynskjeleg med slike gater, vil grunnarbeidet bli gjort samstundes med nedsetting av stolpane.

Pris på rullestolgater vil vere som fylgjer:

| 3 stk rullestolgater à 1,5 x 2 meter | |
|--|------------------|
| Betongunderlag | 8.600 |
| Gummiheiler (limt fast til betongunderlaget) | 7.800 |
| Pris eks. mva | 16.400 |
| MVA | 4.100 |
| Pris på 3 stk rullestolgater inklusive mva. | Kr 20.500 |

Standard rullestolgate er 2 meter lange. Viss det er slik at rullestolgata må gjerast lengre for å nå ut til omliggande område, t.d. til asfaltkant, er prisen pr. ekstra halvmetre i 1,5 meters breidde, kr 1.400 eks mva.

2. Andre typar fallunderlag

Vi leverer industriflis/kutterflis som fallunderlag.

Om ynskjeleg kan ein nytte andre typar fallunderlag som fallsand eller gummibelegg. Dette må i så fall kunden ta hand om sjølv.

Om dette er aktuelt, blir det kr. 40.000 eks. mva. i reduksjon på tilbodsprisen.

Type fallunderlag må avklarast før avtaleskriving.

Vi kan i denne samanheng, om ynskjeleg, bidra med råd og/eller rettleiing.

Fallunderlaget må vere på plass før montering av modulane.

3. Alternativ til grunnarbeidet

Vi plar legge kutterflisa oppå bakken. Dette er dels for å eliminere fåren for at sikringsområdet skal bli eit basseng der det kan bli ståande vatn, og dels for å spare kostnaden med utgraving av basseng til fallunderlaget.

Dersom de heller ynskjer at fallunderlaget skal ligge om lag jamt med bakken ikring, må ein fjerne ca 20 cm av bakken. Viss bakken består av enkel masse som torv/jord, vil dette ta ca 8 arbeidstimar + eventuell vekkøyring av massen. Viss ynskjeleg, kan vi ta hand om dette arbeidet til ein timepris på kr 900 eks. mva.

4. Fysisk avgrensing av sikringsområdet

Vi plar avslutte fallområdet mot bakken ikring ved å gradvis redusere tjuknaden ned mot null. Dette er ei løysing som fungerer godt når det er gras ikring klatreparken. Viss det er grus eller asfalt rundt klatreparken, er det best å avgrense fallunderlaget fysisk. Dette kan gjerast med plankar eller rundstokkar.

Viss fysisk avgrensing av sikringsområdet er aktuelt, kan fylgjande alternativ kanskje vere av interesse:

I ytterkant av fallsona leggst ein ring med rundstokkar eller ein kombinasjon av stokkar og steinar. Grove stokkar som er borka og beisa, leggst mot ein annan, eventuelt med store steinar imellom. Ei slik innrøming er både miljøvenleg og dekorativ og det er fleire gode sider ved eit slikt alternativ:

- Stokkane (og eventuelt steinane) er sitteelement for store og små, noko som kjem godt med når foreldre er med til klatreparken.
- Stokkane (og steinane) er klatre- og ballanseelement i seg sjølv og slik balansering er særleg populært for dei yngste borna.
- Avgrensinga av sikringssona med flis forenkler vedlikehaldet ved at ikkje noko flyt utom området.
- Stokkane gir området eit visuelt løft av di installasjonen er flott å sjå på og står godt i lag med naturstolpane i klatreparken.


Leverandøren vår av stolpar, Sønnesyn sag i Indre Hafslo, produserer og leverer stokkar som kan nyttast til slik innrøming, både med og utan sitteplate. Kontakt oss om dette er aktuelt.

Førde, 30.06.2017

For Klatrejungel AS



Rune Berge



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|----------------|-----|-------------|----------|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2017/715 |
| | | Arkiv: | 124 |

| | | |
|--------------------|---------------|-----------------|
| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
| 178/17 | Formannskapet | 07.11.2017 |

BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021

Tilråding:

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2017 (runda av til næraste kr 5.000,-).

| | 2017 | 2018 |
|---|---------|---------|
| POLITISK LEIING | 4.050 | 4.080 |
| ADMINISTRATIV LEIING | 3.380 | 1.795 |
| STAB | 44.240 | 46.010 |
| Servicetorg | 2.960 | 3.185 |
| Dok senter/innkjøp/stablsleiing | 2.180 | 3.930 |
| Økonomiavdeling | 5.650 | 5.700 |
| Personal- og organisasjonsavd | 7.810 | 7.425 |
| IKT | 6.760 | 6.610 |
| Eigedom | 18.880 | 19.160 |
| OPPVEKST | 180.230 | 182.550 |
| Barnehageavdeling | 67.140 | 67.920 |
| Grunnskuleavdeling | 113.090 | 114.630 |
| HELSE OG OMSORG | 198.885 | 206.330 |
| Administrasjon Helse og omsorg | | 1.310 |
| Barn, familie og helse (ink NAV og flyktning) | 48.600 | 47.455 |
| Pleie- og omsorg | 109.315 | 108.320 |
| Bu- og habilitering | 40.970 | 39.700 |
| Tenestekordinering | | 9.545 |
| SAMFUNNSUTVIKLING | 30.550 | 31.710 |
| Kulturavdelinga | 8.620 | 8.315 |
| Utviklingsavdelinga | 21.930 | 6.385 |
| Brannvern avdelinga | | 8.800 |
| Anleggs- og drifts avdelinga | | 8.210 |
| OVERFØRINGSKAPITTELET | 13.260 | 13.850 |
| SAMHANDLINGSREFORMA, MOTTAK | (1.180) | |

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattøre for år 2018.
3. Kommunale avgifter, betalingssatsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.
4. Det vert vedteke slike endringar i betalingssatsane:
 - a. Barnehagesatsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2018.
Kr 2.910,- for heil plass + matpengar kr 350,-.
 - b. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleigekontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarende kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesatsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
 - c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
 - d. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
 - Timepris: kr 370,- (kr 360,- i 2017)
 - 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2017)
 - 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2017)
 - 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2017)
 - Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2017)

- e) Leige tryggleiksalarmar kr 330,- per månad (kr 320,- i 2017).
- f) Korttidsopphald institusjon kr 155,- pr døgn (uendra)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
- g) Dagplass ved institusjon kr 80,- pr dag (uendra).
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
- h) Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 90,- i 2017)
- i) Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)
- j) Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 170,- per døgn (kr 3.600,- per mnd i 2017)
- k) Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 2.050,- (kr 1.940,- per døgn i 2017). Prisen må bereknast eksagt når budsjettet til PO er vedteke – når tilrådinga til kommunestyret er kjent).
- l) Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.500,- (kr 3.400,-) gjeldande frå 01.08.2018
- m) Betaling for sal av dirigenttimar til kor for vaksne, kr 315,- per time (kr 300,-), gjeldande frå 01.08.2017
- n) Betaling for sal av dirigenttimar til korps for vaksne, kr 265,- per time (kr 250,-), gjeldande frå 01.08.2017
- o) Betaling for andre tenester i kulturskulen, opp 4% gjeldande frå 1. august 2017
- p) Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.625,- (kr 2.500,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.160,- per mnd (2.055,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.530,- (kr 1.455,-).Ferie SFO aukar med 5% Alt gjeldande frå 01.08.2018.
- q) Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2018 gjennom eigne vedtak i kommunestyret.
- r) Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling vert uendra frå 2017 til 2018
- s) Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nevnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

5. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2017, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2018.
6. Budsjettet for 2018 fører til slike nye faste stillingsheimlar:
 - a) 950% nye stillingar i Pleie- og omsorgsavdelinga
7. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.
8. Kommunestyret ber om at det vert gjort ein gjennomgang i alle sektorane innan 31.03.2018 med sikte på å finne tiltak som kan redusere driftskostnadene med 10 mill kr på årsbasis. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Dette er tiltak som skal kome i tillegg til rammereduksjonane for sektorane.
9. Kommunestyret ber om at det innan 31.03.2018 vert lagt fram ei sak om sal av kommunale bustader.
10. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.

Inntekter frå sal av kommunale bustadar skal avsetast på investeringsfond for reinvestering i nye bustadprosjekt kommunen er byggherre for eller deltakar i på anna vis.

11. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggast fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).
12. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.
13. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 99,08 mill for 2018. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet (lånesummen kan bli justert ned til innstillingsmøtet i formannskapet).
14. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.
